



Familien Hjelmeland Arnesen samla ved døypefonten saman med sokneprest Lina Håland og trusopplærar Kristine Hestad med lyset

**Under gudstenesta i Uskedal kyrkje vart tre born døypt, - Andreas Åsheim Myklebust, Liam Olander Musland Andersen og Johanne Hjelmeland Arnesen. Barnedåp er ein svært minnerik dag for alle, men for familien Hjelmeland Arnesen og søskentrioen der vil dette bli eit heilt spesielt minne å sjå tilbake på.**

Då veslesøster Johanne vart boren til dåpen i dag, var det storebror Martin som bar dåpsbarnet, medan storesøster Åsne tok av dåpslua. Begge er for unge til å vera fadrar, men sidan Martin skal konfirmerast i år er han akkurat gammal nok til det ærefulle oppdraget å bera veslesystera til dåpen. Ekstra kjekt vart det når søstera Åsne fekk ei anna fin oppgåve under seremonien. Åsne går no i 7.klasse.

Uskedalen.no gratulerer alle dei tre dåpsborna og familiare deira med dagen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland